

Frå: Daniel Michael Larsen
Send: torsdag 30. november 2023 10:56
Til: Jan Espen Vik
Kopi: Linn-Cecilie Martinson; Kjell Nordahl-Pedersen; Endre Nordahl-Pedersen
Emne: Vedk. oppstart av planarbeid - Detaljregulering for Knausen GBNR 42/13 m.fl. - Brattholmen
Vedlegg: C-01.pdf; D-01.pdf; D-02.pdf; D-03.pdf

Hei,

Med bakgrunn i oppstartsmøte 07.03.2023 for Detaljregulering for Knausen GBNR 42/18 m.fl. – Brattholmen, meinte kommunen at det var behov for ei vurdering av trafikkløysingar til og frå området og trygg skuleveg, for å kunne ta stilling til tilråding av oppstart av planarbeidet.

Kommunen har kome fram til at vi tilrår oppstart av planarbeidet med bakgrunn i faglege vurderingar av trafikknøtet og kommunens arbeid med fortau langs fv 5286.

I undervegsmøte 05.10.2023 presenterte plankonsulentent eit notat som tok opp i seg ovannemnte problemstillingar. Kommunen informerte at vi ikkje kunne konkludere i møtet om ein kunne tilrå oppstart av planarbeidet. Kommunen har i etterkant teke ein gjennomgang av notatet internt.

Samstundes

som de har arbeida med planen, har kommunen landa løysingar kring oppgraderingar av fortau og VA-infrastruktur frå Brattholmen skule til Brattholmen kai med Vestland fylkeskommune. Kommunen og Vestland fylkeskommune har inngått ein gjennomføringsavtale som sikrar trafikksikker skuleveg frå Brattholmen skule til Brattholmen kai. Førebels framdriftsplan er at dette arbeidet vil verte slutført i ila 2024. Tekniske teikningar av tiltaket er lagt med her.

Kommunen gjer likevel merksam på at rekkefølgjekravet om trafikksikker skuleveg gjeld frå Brattholmen skule og fram til planområdet. I tillegg må løysingar for tilkomst og veginfrastruktur til planområde via butikkområde på Brattholmen kai, vurderast og sikrast i planarbeidet. Kommunen meiner det vil vera til fordel å ta ei vurdering av trafikkbelastninga via Brattholmen kai og fram til planområdet som eit tillegg til trafikknøtet ila planprosessen, det gjeld særleg med tanke på trafikksikkerheit for mjuke trafikantar, og alternativ A som de føretrekk. Vi oppmodar også til å involvera eigar av butikken (GBNR 42/74) i tidleg fase.

Andre

viktige tema er plassering av bustader, byggjegrænse mot sjø, strandsone, LNF, VA og renovasjon mm. som òg blir ein del av vidare planarbeid. I varslingsbrevet må de skildra korleis ein har tenkt å løyse alle tema i eit vidare planarbeid. Videre er det viktig å huske på at alle merknader til varsel om oppstart skal vurderast i vidare planarbeid, og at det kan kome ny

informasjon som fører til andre forutsetningar for planarbeidet.

Varslingsdokument

skal godkjennast av kommunen før det kan varslast oppstart av planarbeidet. Det skal kunngjerast på heimesidene til kommunen, og i minst ein avis som blir lest på staden. Gjennomgang av varslingsbrev og varslingsområde vil bli gebyrbelagt i høve til kommunens gebyrregulativ for 2023.

Vennleg helsing



Daniel Michael Larsen

Rådgjevar plan

+47 56 16 01 95

www.oygarden.kommune.no

Frå: Jan Espen Vik <janespen@holon.no>

Send: onsdag 29. november 2023 16:08

Til: Daniel Michael Larsen <Daniel.Larsen@oygarden.kommune.no>

Kopi: Linn-Cecilie Martinson <Linn.Martinson@oygarden.kommune.no>; Kjell Nordahl-Pedersen <kjell@norped.no>; Endre Nordahl-Pedersen <endrenp@gmail.com>

Emne: SV: Status kring interne avklaringer og undervegs møtereferat - Detaljregulering for Knausen GBNR 42/13 m.fl. - Brattholmen

Hei, når får vi høre noe mer her?

Med vennlig hilsen

Jan Espen Vik

+47 975 83 416 | Holon.no

Fra: Jan Espen Vik

Sendt: tirsdag 31. oktober 2023 08:07

Til: Daniel Michael Larsen <Daniel.Larsen@oygarden.kommune.no>

Emne: SV: Status kring interne avklaringer og undervegs møtereferat - Detaljregulering for Knausen GBNR 42/13 m.fl. - Brattholmen

Takk for orintering!

Med vennlig hilsen

Jan Espen Vik

+47 975 83 416 | Holon.no

Fra: Daniel Michael Larsen <Daniel.Larsen@oygarden.kommune.no>

Sendt: tirsdag 31. oktober 2023 08:04